


# BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN  
APRIL 2020**



# ORDFØRAREN SITT HJØRNE



## HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

### KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00

Opningstider:

Månd.-fredag kl 08.00-15.00

[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

### BIBLIOTEKET:

Biblioteket er, som mykje anna, stengt inntil vidare. Me opnar til vanlege tider med det same kommunen gjev klarsignal for det.

### DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

### FORSIDEFOTO:

Frå UKM, foto Anne Margrethe Vikeså

### NESTE NUMMER:

kjem ut seinast 30. april. Stoff til Bjerkreimsnytt må vere inne før tirsdag 21.04 20 kl. 24.00. Skriv kort! Legg gjerne ned bileté, helst i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til: [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no)

### UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

### KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

### TRYKKING:

Jærprint

### ANSVARLEG:

Kulturkontoret

### GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

Det er ikkje mange gonger eg blir tom for ord. I dag sitt eg på heimekontor med kaffikoppen i handa, og Callum Scott «You are the reason» flyt ut av popanlegget. I ein kvardag som er heilt snudd opp ned, er det ofte godt å gjere som bonden i traktoren.

Sett hydraulikken i «flyt», slik er følelsen i dag. Alt flyt utanom normalen.

Samfunnet vi kjenner er ikkje til å kjenne att; ingen bilar på vegane, ingen lys i byane, men mykje lys i husa. Ja, tenk det! Det er lys i dei fleste hus heile dagen - Slik det var før i tida. Då jobba folk med seg og sitt heime, gjerne på gardsbruk og med å fø familiar. Det er litt slik i dag. Få heim mat, stell godt med ungane, lær dei noko nyttig, og prøv og få unna dagens gjeremål. For oss som er oppvaksne på gard er dette ein ganske normal situasjon. Det er ingen unormal dag å vere heime, 1 dag, 2 dagar- eller 2 veker. Nei, faktisk så hugsar eg far eingong sa: «Eg har ikkje vore øve «brunå» på 1 månad».

Det er i tider som denne ein verkeleg får innblikk i kva som fungerer i eit samfunn. Eit samfunn er ikkje sterkare ein det svakaste ledd, litt som forskalinga til forskalingssnikkaren. Sjølvforsyning av utstyr, mat, personell (arbeidskraft) kjem ut som eit svakt ledd i dagens situasjon. Eg håper det kjem noko godt ut av denne elendigheita; ein haldningsendring til at alle – alle som gjer ein jobb – er viktige. Viktige på sin måte, og at AS Noreg må kunne brødfø og ivareta eigen befolkning også i unntakstilstandar.

Eg vil dra fram Bjerkreimsbuen i dag, eg blir stolt og rørt av offerviljen som blir utøvd av fleire av dykk. "Ingen nevnt, ingen glemt". Men Helsefagarbeidarar har fått stjernestatus i mine auge. Aldri seg sjølv og mitt, men ditt og andre sitt! Det er haldningar det står respekt av.

I skrivande stund har Bjerkreim kommune ingen tilfelle av smitte. Den situasjonen kan endrast frå time til time. Overhald karantene, eventuell isolasjon. Lytt til myndighetene. Vi skal gjere vårt frå beredskapsleiinga, men vi er avhengig av at alle dreg i same retning.

Ta vare på familien, snakk med ungane, spel eit brettspel og nytt tida til å knyta enda tettare band med kvarandre. Eg vil og seia nokre ord til dei av dykk som nå sit heime og er redde, redde for bestemor di, venen din som er sjuk, eller andre i omgangskretsen som er i risikosona. Ring dei, fortel dei kva dei betyr for deg, og trøyst dei som treng det. Eg trur dette kjem til å gå bra!

Til slutt – lykke til med vårens vakraste eventyr – lamminga!

Vennleg helsing Kjetil

**VIKESÅ TAXI  
51 45 19 00**



## POLITISKE MØTE APRIL (OM SITUASJONEN TILLET DET)

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:  
[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

### Kontrollutval:

Måndag 27.04 kl. 14.00

### Levekårs møte:

Onsdag 29.04 kl. 13.00  
– dersom saker

### Gruppemøter:

Måndag 27.04 kl. 19.00

### LMT-utval:

Onsdag 29.04 kl. 19.00  
– dersom saker

### Formannskap:

Tysdag 28.04 kl. 19.00

## INFORMASJON VEDRØRENDE KORONA

I forbindelse med korona-pandemien har kommunen gjort ulike grep for å ivareta innbyggerne, næringslivet og tjenestene på en best mulig måte.

Kommunen har vært orientert om situasjonen fra Helsedirektoratet siden første meldingen 20. januar 2020. Vi har fulgt situasjonen gjennom perioden og gjort ulike tiltak i vår vanlige drift. Vi satte krisestab 12. mars for å kunne håndtere situasjonen med alle de virkemidler vi da kan råde over.

Barnehager og skoler, samt andre samlingspunkt, ble stengt fra 12. mars kl 1800. Våre ansatte har siden den gang fulgt opp barn og elever så godt som mulig gjennom bruk av både hjemmesider, telefon og dataverktøy. Tilbakemeldingene er at det går rimelig greit.

Vi satte adgangsbegrensning på Omsorgssenteret fra 1. mars med tilnærmet adgangsstopp fra 13. mars. Dette er for å skjerme våre innbyggere på Omsorgssenteret best mulig mot smitte. Vi har i etterkant også delt inn huset i tre fysiske soner der ingen skal krysse mellom disse. Vi har derfor tre ulike vaktlag der ansatte heller ikke skal ha vakter på tvers av avdelingene. Hjemmetjenesten er i tillegg et fjerde vaktlag. Alt dette er for å redusere smitterisiko.

Ansatte på kommunehuset har fått tilbud om hjemmekontor. Vi har også satt adgangsbegrensning på kommunehuset for å redusere smitterisiko.

Fritidsboende på Stavtjørn fikk SMS-melding søndag 15. mars om at de ikke kunne være på sine hytter. Dette vet vi ikke hvordan myndighetene vil styre framover.

Vi vet ikke hvordan hele situasjonen rundt korona-pandemien vil bli framover. Vi prøver så godt som mulig å gjøre det rette for innbyggere og næringsliv slik at tjenester skal bli gitt, og forholdene skal være så gode som mulig.

Ordfører og rådmann

## DIM KAN GI TILRETTELAGT HENTEORDNING FOR AVFALL

Abonnenter som pga. midlertidig eller varig redusert helsetilstand, og som av den grunn ikke kan følge den ordinære henteordningen, kan få tilrettelagt henteordning.

Inntil videre kan den enkelte kontakte Dalane Miljøverk AS (DIM) direkte og de vil håndtere dette.

Telefon: 51 46 49 90, mail: [post@dim.no](mailto:post@dim.no)

Den vanlige rutinen med at dette ordnes via helsetjenesten i kommunen, som kan kontakte DIM på vegne av abonnenten, gjelder ikke i en periode fremover.

## HUSK BÅNDTVANG I BJERKREIM KOMMUNE

## UBRUKTE KLIPPEKORT FRA LØRDAGSBADING?

Fra 01.01 2020 har lørdagsbading i bassenget blitt gratis for alle. Fra høsten vil badinga derfor bli helt kontantfri. Badehetter og badebleier kan betales på Vipps.

De som fortsatt har ubrukte klippekart må innen 1. juni kontakte resepsjonen på kommunehuset for å få refundert eventuell restverdi på kortet.

Etter 01.06.2020 vil alle gamle klippekart bli ansett som ugyldige.

Hilsen Kulturkontoret

## KJØRING PÅ KOMMUNAL GANG- OG SYKKELSTI

Bjerkreim kommune er informert om at det vinterstid kjøres med bil på flere kommunale gang- og sykkelveger. Stengslene på disse er åpne for at strø- og brøytemannskaper skal kunne passere. Kommunen er også informert om at det har skjedd uhell hvor biler på sykkelstien har kollidert med andre biler. Kjøring på veier som er skiltet som gang- og sykkelveger er forbudt.

Bjerkreim kommune vil med bakgrunn i ovenforstående oppfordre til at trafikkregler overholdes og at det ikke kjøres med motoriserte kjøretøy på gang- og sykkelveger.

LMT-sjefen



## NY LEGE

Anna Therese Bjerkreim er ny lege ved Bjerkreim legekontor fram til 1. september. Anna er vokst opp i Oslo, men som navnet tilsier, har hun sterke røtter til kommunen. Ta vel imot henne!



## BJERKREIM SYNGENDE KOMMUNE

SEND INN FORSLAG OM «MÅNEDENS SANG»!

De tre neste årene er Bjerkreim med i «Syngende kommune» - prosjektet. I Bjerkreim har vi sterke tradisjoner for allsang og fellessang, nå skal vi synge ennå mer! I forbindelse med dette skal vi hver måned fra mai, gjennom Bjerkreimsnytt, presentere en «Månedens Sang». Den skal komme med lydfil eller noter, så alle kan få sjansen til å lære den. Vi håper alle kommunens innbyggere på denne måten kan være med og samles om noe som kan bli vår felles sangskatt.

Vi oppfordrer derfor alle til å foreslå sanger som kan være «Månedens sang»! Vi ønsker både tradisjonelle og nyere sanger, sanger som passer til ulike årstider og anledninger, men også sanger som bare er kjære og passer for alle når som helst.



Forslagskassen skal stå i resepsjonen på kommunehuset, men blir også tatt med på arrangementer der vi skal syng sammen. Selvsagt kan man også sende forslag på mail eller melding.

Send inn ditt forslag til Månedens sang! Kom innom kommunehuset og legg det i postkassen, eller send til Bjerkreim kulturkontor på annette.nedrebo@bjerkreim.kommune.no

## BJERKREIM NÆRINGSHAGE

Dagleg leiar er dessverre sjukmeld. Styret for Næringshagen har bestemt at Tove Sivertsen skal vera vikar for han inntil vidare. Ho er styremedlem i BNH, og dagleg leiar i Ryfylke Næringshage. På grunn av koronaviruset har ho heimekontor. Ta gjerne kontakt med henne på tlf. 90 94 65 06 eller tove@ryfylkenh.no om du lurer på noko, treng hjelp eller vil drøfta ein ide

## KULTURMIDLAR 2020

Søknadsfrist 15. mai.

Lag og organisasjoner i Bjerkreim kan søkje om kulturmidlar frå kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligg på heimesida vår: [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no) under skjema, kultur og fritid. NB! Hugs å sende med årsmelding og rekneskap for 2019.

## SOMMARHJELP

### SOMMARHJELP TIL KLØGETVEDTTUNET

Vi søker kjøkkenhjepar til Kløgetvedttunet 5 sundagar i sommarsesongen.

#### Arbeidstid:

Sundagar frå kl 11.00 - 16.30

#### Sommarsesong er:

juni og august

Arbeidet passar for ungdom, og det kan bli aktuelt å dela sundagane på fleire søkjarar. Veit du alt nå at det er sundagar i juni og august som du ikkje kan arbeida, er det fint om du opplyser om dette i søknaden.

## Arbeidsoppgåver

Arbeidet består av å lage og selje lappar, kaffi/te og brus/is. I tillegg kjem litt reingjering/rydding. Opplæring vert gitt.

## GUIDE TIL ØRSDALEN GRUVER

Vi søker guide til omvising i dei nedlagte gruvene i Ørsdalen sundagene i juli og august 2020, i samband med M/K Ørsdølen sine turar på Ørsdalsvatnet.

#### Arbeidstid

ca kl 13.00 - 15.00.

#### Sommarsesong er:

Sundagar i juli og august Til dette oppdraget vil ein få dekkja køyreutgifter til og frå Ørsdalen etter statens sine satser innanfor Bjerkreim kommune sine kommunegrenser.

Arbeidet passar for ungdom, og det kan bli aktuelt å dela sundagane på fleire søkjarar. Veit du alt nå at det er sundagar i juli eller august som du ikkje kan arbeida, er det fint om du opplyser om det i søknaden.

## Arbeidsoppgåver

Oppmøtestad er kaia på Vassbø i Ørsdalen. Du skal dela ut sikringsutstyr til busspassasjerar og følgje med bussgruppa opp og ned til gruvene på Hovland. Guiding på bussen og inne i gruvene. Du vil få utdelt informasjon om gruvehistoria i Ørsdalen, og må rekne med å i alle fall delvis skriva dine eigne guidetekstar ut frå dette.

## Lønnsvilkår

Løn etter lokale takster for arbeid/oppdrag av kortare varighet.

## Søknad

Søknadsskjema finn du på kommune sine nettsider under Ledige stillingar

Søknadsfrist: 19.04.2020,

## Kontaktperson

Annette Nedrebø Olden, rådgiver kultur, tlf: 51 20 11 14, mobil: 988 80 147

## OM SITUASJONEN TILLET DET:

## INTERNASJONAL KVINNEGGRUPPE

Velkommen til treff på Vikeså skule, andre onsdagen i kvar månad, kl. 18.30-20.30.  
Onsdag 15. april, 13. mai og 10. juni.

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør. Godt kledd. Godt miljø.

Turen 1. april

UTGÅR.

Håper vi kan møtast igjen til tur 6. mai til Gravdal.

Avreise kl. 10.00 frå Esso, oppmøte litt før.

Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma



## FRILUFTSKVELD

Onsdag 15. april kl. 17.30 i gapahuken, Fureknuten. (I skogen bak Bjerkreimshallen). Sosialt samvær og mat rundt bålet. Alle er velkomne!

Arr. Dalane friluftsråd og Bjerkreim kommune i samarbeid med frivillige lag.

## BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 15. april kl. 19.30 på Vikeså Veiservice.

Quizmaster: Ola Birkeland.

kr. 30,- pr. pers. – 4-mannslag.

## BJERKREIM BRASSBAND

Bjerkreim Brassband sitt årlige musikkshow er utsatt!

Vi regner med å kunne sette opp showet vårt «Let us entertain you» i Bjerkreimshallen til høsten. Når omgivelsene er klare, skal vi gjøre oss klare, og dere kan glede dere! Datoer vil bli annonsert når vi vet mer.

## ÆTTESOGELAGET

Ættesogelaget har sjølvsagt avlyst møte med filmen "13 dagar i april", torsdag 2. april.

## SANG OVER VANN

MiniCruise med Tirla blandakor. Bli med på en unik kulturell opplevelse! Lørdag 13. juni inviterer vi til en helaften med flott Bjerkreimsnatur som ramme!

Ørsdølen går fra Odlandstø kl. 18.00 og blir tatt imot av glade korsangere fra Tirla i Lauperak. Servering av lammegryte fra Bjerkreim, og mulighet for kjøp av drikke i baren.

Tirla byr på glad allsang, feststemt korsang og kanskje soloinnslag utover kvelden!

Retur med Ørsdølen fra Lauperak ca. kl. 24.00  
Påmelding innen 1. mai til [torav@uninor.no](mailto:torav@uninor.no)  
Arr.: Tirla blandakor og Ørsdølen venneforening

## TUR TIL WIIG GARTNERI

Tid: 12. mai.

Det blir foredrag om hvordan bevare blomstene gjennom sommeren, suppe og handling på gartneriet.

Bindene påmelding innan 1. april til Marianne Lien, tlf. 47343663. Åpent for medlemmer og ikke medlemmer.

150,- pr. pers.

Oppmøte på Esso kl. 16.45.

Arr: Bjerkreim hagelag

## KRISTEN MUSLIMMISJON

Herdís Heimdal deltek på desse møta:

onsdag 22.04.

Espeland Forsamlingshus  
torsdag 23.04.

Bjerkreim Bedehus m/song av Husets Trekspelklubb frå Bryne fredag 24.04.

Eikeland Grendahus

Alle møta byrjar kl. 19.30



## VIKESÅ MISJONSHUS

[www.misionshus.no](http://www.misionshus.no)

01. kl. 18.00 Basar NMS

01. kl. 20.00 Bønnesamvær på kyrkjekontoret

10. kl. 19.30 Langfredagsmøte

17. kl. 18.00 Vårfest SoulKids og SoulChildren

18. kl. 09.00 Vårdugnad på Misjonshuset

20. kl. 09.30 Knerten

24. kl. 20.00 Fredagsklubben

26. kl. 10.30 Søndagssamling

27. kl. 09.30 Knerten

27. kl. 19.00 Yngres og Korvetten

## BJERKREIM BEDEHUS

[www.bjerkreimbedehus.no](http://www.bjerkreimbedehus.no)

Dette er planlagt på Bjerkreim bedehus i april, men det er ikkje sikkert det kan gjennomførast, så følg med på nettsida og plakatar:

09. kl. 19.30 Skjærtorsdagsmøte, IMF

13. kl. 19.30 2. påskedagsmøte, NLM

17. kl. 19.00 Gutte- og jentelagsbasar

kl. 20.00 Fredagstreff

19. kl. 11.00 Endelig søndag

kl. 11.15 Søndagsskule

21. kl. 19.30 Bibelundervisning

23. kl. 19.30 Møte, KMM

27. kl. 19.30 Yngres

## FASTEAKSJONEN

31. mars skulle konfirmantane ha gått frå dør til dør for å samle inn pengar for å gje sårbare menneske tilgang til rent vatn. For å hindra spreiling av koronavirus, vil våre bøssebærare ikkje koma. Ein kan støtta aksjonen via VIPPS 2426 (valfritt beløp), eller SMS VANN til 2426(200 kr) på fasteaksjonen.no og på sosiale media, særlig Facebook.  
Sjå og nettstaden vår.



## VELKOMEN TIL GUDSTJENESTE

### **Palmesundag**

**5.april kl. 11.00.**

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Musikalsk innslag: Sander og Geir Arne m/vener. Takkoffer til Misjonsprosjektet.

### **Skjærtorsdag**

**9. april kl. 11.00.**

Skriftemålsgudsteneste i Ivesdal kapell. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

### **Langfredag**

**10. april kl. 11.00.**

Pasjonsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

### **Påskedag,**

**sundag 12. april kl. 11.00.**

Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Nattverd. Musikalsk innslag: Bjerkreim Syngjande Kammeratar. Takkoffer til Normisjon. Laurdag 18. april kl. 19.30. Ungdomsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Nattverd. Band: BKU/ BUK deltek

### **Sundag 19. april kl. 11.00.**

Høymesse i Ivesdal kapell. Nattverd.

Takkoffer til Sjømannskyrkja (Norsk kyrkje i utlandet).

### **Sundag 26. april**

IKKJE gudsteneste i soknet

### **DØYPTE**

08.03.20 Oliver Grøsfjell Essers

08.03.20 Eliane Grøsfjell

08.03.20 Kaja Sundvor Ognedal

08.03.20 Thea Sundvor Ognedal

08.03.20 Oliver Vinningland

15.03.20

Maiken Sporsheim Rugland

22.03.20

Sverre William Parkinson

### **DØDE**

17.02.20

Solveig Arna Grøtteland

07.03.20 Bjørg Janny Svela

08.03.20 Torfinn Liestøl

## **Påske – Luk 24, 1ff**

Kvinnene hadde vore med Jesus. Dei hadde sett at han lei på krossen. Dei hadde sett han dø. Dei følgde truleg med då Josef fra Arimatea tok han ned. Og bar han bort. Og la han i grava. Dei hadde sett. Og nå var dei knuste av sorg. Men. Dei hadde ikkje sett alt ennå. Dette var IKKJE slutten på historia om Jesus.

For Jesus stod opp igjen. Tredje dagen. Påskedagen. Og då kvinnene kom til grava, såg dei først bare ei tom grav. Dei skjøna ikkje. Dei måtte møte eit par englar for å begynne å forstå. Men då begynte dei å forstå. Og det forandra alt. Dei måtte orientera seg på nytt. Tenk: det dei hadde vore med på så langt, var ikkje eit tilbakelagt kapittel, men ein start! Kvinnene sin kanskje mest kjende handling deretter var at dei vitna om det dei hadde sett og høyrt – først til disiplane.

Når eg skriv dette, er me «fire veker inn i fastetida» og «ei veke inn i koronatida». Me har fått liva våre snudd opp ned. Me lever i ein unntakstilstand. For ei tid. Det er ei lengt i oss at «alt skal vende tilbake til normalen». Kva denne «normalen» enn vil bli. Klart at hendinga påverkar oss, sånn at fortsettinga uansett blir «noko anna» - på same måte som med kvinnene ved grava: Dei måtte reorientere seg. Livet blei aldri det same. Eg er enno alt for forskrekka av koronatilstandane, til å forstå kva fortsettelen blir. Men eg håpar me som enkeltmenneske og samfunn lærer viktige ting. At me blir klokare og visare. Kanskje me blir eit varmare samfunn? Eit samfunn som set meir pris på å vera saman? Også om det som er kjernen i vår kristne tru; at Jesus lever! Han er oppstått frå dei døde!

Soknepresten

### **KORONA OG KYRKJA SINE ARRANGEMENT**

Kyrkja fylgjer lokale og sentrale styresmakter sine råd og rettleiingar. Fleire gudstenester i mars gjekk ut på grunn av den usikre situasjonen med koronasmitte. Det blir truleg endringar også framover. To gudstenester og to tordagsandaktar på omsorgsenteret, blei overført på nett frå kyrkja. Det vil truleg også dei fleste gudstenestene og andaktane framover bli. Lenke finn du på bjerkreimkyrkja.no og Facebook: Bjerkreim sokn.

Fint om du kan vera med og hjelpe dine nærmeste å finna fram. Oppdatert informasjon om gudsteneste og kyrkja sitt arbeid, vil du finna på nettsidene våre. Me arbeider også med å finna alternative måtar å gjennomføra konfirmasjonsførebuing og trusopplæringsstiltak.

**Dåp** kan meldast inn som vanleg og det blir dåpsgudsteneste for dei som avtalar dåp.

**Vigsle** er ei prioritert teneste og kan gjennomførast.

**Gravferd** blir gjennomført med nærmaste familie.

Tiltak innan trusopplæring blir avlyst inntil vidare.

**Konfirmasjonsgudstenestene** er utsett til hausten. Dataar blir kunngjort seinare.

### **FJERNING AV VINTERDEKKET PÅ GRAVPLASSANE**

Søppelstativa på Bjerkreim kyrkjegård blir tømt kvar dag. Vinterdekket kan derfor leggast oppi – evt ved sida av.

På Ivesdal står det avfallskasse til venstre etter inngang ved ny port (v/ bårehuset)

### **VEDLIKEHALD AV GRAVMINNE**

Etter gravferdslova § 15 har festar ansvar for å halda ei grav i hevd. Festar eig graminnet og er ansvarleg for at graminnet ikkje er til fare for dei som ferdast på gravplassen – m.a.o. ansvar for sikring og vedlikehald av gravminne (gravferdsforskrifta § 24). Kyrkjeverje oppmodar alle til å kontrollera at gravminna er sikra med 2 boltar. Hugs òg vedlikehald av gravminna; t.d. oppfrisking av inskripsjon, fjerning av grønske og mose. Inskripsjonen skal vera synleg. Fleire gravminne står skeivt og må rettast opp.

## TURBROSJYRAR

Gjennom det omfattande turkartprosjektet her i Bjerkreim, med eit veldig godt samarbeid mellom dykk grunneigarar og kommunen, fekk me merka mange km med turstiar til flotte turmål. Turstiane varierer veldig både i lengde, stigning, natur og utsikt, og vert brukt og sett pris på av innbyggjarar og utabygds turgåarar.

Me løyvde tilskot gjennom SMIL-ordninga til Dalane Friluftsråd for nokre år sidan, for at dei skulle laga brosjyrar til nokre av dei flotte og populære turmåla. Prosjektet er no fullført, og Friluftsrådet har gjort eit kjempegodt arbeid med omtale av 33 turar, som er samla i 13 brosjyrar. Her får ein informasjon om parkering, turbeskrivelse, spesielle attraksjonar, gradering, lengde, stigning og stipulert tid for turen. Brosjyrane er også illustrerte med kart og biletar frå turområda.

Du finn alle desse flotte turbrosjyrane på Dalane Friluftsråd og på heimesida vår [www.bjerkreim.kommune.no/](http://www.bjerkreim.kommune.no/) under; Populært, Turguide for Bjerkreim. God tur!



Brosjyrane for tur til Skarkaknuten, Troldarinda og Svartavalnet rundt og 4 ulike turmål frå Vikeså til Niben, Stongje, Storafjellet og Svelavatnet rundt

## INFORMASJON FRÅ BJERKREIM AVLØYSARLAG

### Tiltak i samband med Korona-smitte

Landbruket med matprodusentar er i denne krevjande situasjonen med Korona-smitte kategorisert som ei samfunnskritisk rolle. Det gir oss eit stort ansvar. Her er litt informasjon som kan vera nyttig:

**Smittevern:** Følg råd frå myndighetene, ta dette på stort alvor. God håndhygiene (ha gjerne eingangshansker liggjande til avløysar/inseminør/veterinær) Smittesluse og avstand til andre er også viktige stikkord.

**Beredskapsplan** – tenk nøy gjennom kva som kan skje dersom du som bonde og familien din vert sjuke. Avløysaren kan og verta sjuk.

**Bjerkreim Avløysarlag** – kva hjelp kan du få av oss? Vi følgjer utviklinga nøyde, og vil koma med oppdatert informasjon så godt det let seg gjera. Dette kjem for det meste til å verta formidla via e-post. Vanleg postgang går for seint slik situasjonen er no.

Har du behov for landbruksvikar eller annan avløysar, strekker vi oss langt for å hjelpe!

Det er mange spørsmål/problemstillingar rundt dette med karantene/sjukemelding/sjukepengar/tilskot ved sjukeavloysisng m.m. Situasjonen endrar seg frå dag til dag, frå time til time. Ta kontakt om du lurer på noko. Avløysarlaget prøver å halda seg oppdatert.

Kontaktinformasjon:

Mobil: 94 08 75 01

E-post: [bjerkreim.avloysarlag@nl.no](mailto:bjerkreim.avloysarlag@nl.no)

## GRØFTING

Etter ein våt og mild vinter er jorda nå i ferd med å tørka opp. Nå er det tida for å sjekka opp og merka av dei områda som er for dårlig drenerte og som treng grøfting. Ordninga med grøftetilskot gjeld omgrøfting av tidlegare drenert areal.

Dersom du ynskjer tilskot må det lagast ein plan og søkjast, FØR grøftearbeidet tek til.

Bilete – lagra i mappa illustrasjoner

Bjerkreim har fått ein stor kvote av tilskot som kan løyvast i 2020. Frå og med 2019 er det ikkje lenger noko minstegrense for kor stort arealet må vera, eller kor mange meter grøft som må gravast. Også små reparasjonar av gamal drenering vil nå kunna få tilskot. Tilskotet er framleis avgrensa oppover til kr. 30,- pr m. grøft eller kr. 2000,- pr dekar ved systematisk grøfting.

Vi vil oppmoda til å ta kontakt med landbrukskontoret for å søkja. Når du får innvilga tilskot, vil fristen for å ferdigstilla grøftinga vera 3 år. Før utbetaling av løyvd tilskot må utgiftene dokumenterast.

Meir informasjon om ordninga og korleis du kan søkja, finn du på kommunen si heimeside under landbruk, søkje om tilskot.

## INFORMASJON

**SØRVEST  
GJERDESYSTEM**

**PITTERGARDEN VIKESÅ**  
**415 14 836, 481 81 804**

Ull produkter, håndverk

Lokaler med sær preg:

Årmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. [www.arkaarreberg.no](http://www.arkaarreberg.no). Tlf 481 81 804



**Befaring og tilbud: 954 27 311**

# INFORMASJON

## Gitar og Handverk DA



Vi leverer blomsterdekor på bestilling,  
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450  
[www.gitaroghandverk.no](http://www.gitaroghandverk.no)  
e-post: [gitar-handverk@hesbynett.no](mailto:gitar-handverk@hesbynett.no)



## ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775 / 4000 3150  
[solberg@advokat1.com](mailto:solberg@advokat1.com), [www.advokat1.com](http://www.advokat1.com)

Bjerkreim  
legekontor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekontor.no](http://www.bjerkreimlegekontor.no)

Me søker ny  
medarbeider

Sjå web-sida!



## EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ  
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK  
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM  
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04



Klinikken holder åpent,  
men pga smittevern,

PRIMÆRT FOR  
AKUTT SYKE DYR!

Heste- og stordyrpraksis: Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså  
Tlf. 95141920

Vaksinering av sau,  
ring og bestill

Pakkepris: vaksiner, ID chip  
og sterilisering/kastrering katt,  
700 kr avslag ifht standard pris



Vikeså veterinærkontor  
Vakt telefon alle dyr  
Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ  
VEISERVICE AS

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekart m.m.

VELKOMMEN INNOM!